



Folketalet i Uskedalen ved siste årsskifte truleg det høgaste i "nyare tid". Her er mange av uskedelingane samla i Aktivitetshuset under eit skulemøte i september i fjor. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kvinnerhad hadde i fjor ein auke i folketalet med 31 personar, til 13.062 fortel Statistisk Sentralbyrå. Og mest auka Uskedalen – frå 1.014 til 1.037, altså med 23. Det melder Grenda. Rosendal kom på andreplassen med ein pluss på 18, frå 1.097 til 1.115

Hvis ein ser på statistikken for nokre år attende, kan ein konstatere at folketalet i Uskedalen ved siste årsskifte var rekordhøgt. Den tidlegare toppen i "nyare tid" vart nådd i 1996 med 1.019, som var to fleire enn den tidlegare topp-noteringa frå 1984.

Fra 1996 til 1998 var det ein heller dramatisk nedgang i folketalet i vår bygd, med 44 personar frå 1.029 til 985 og nedgangen heldt fram med ytterlegare 13 til år 2000, då talet var heilt nede i 972. Så gjekk det litt opp att til 2002 for så å gå ned litt i 2004. Men sidan har trenden vore positiv og i perioden 2004/2008 har det vorte 57 fleire uskedelingar.

Ser ein på dei siste ti åra for heile kommunen, har Husnes naturleg nok auka meir enn Uskedalen med ein pluss på 175, men vi ligg på andreplassen. Nedgangen i dei siste ti åra har vore størst for Sæbøvik, Løfallstrand og Varaldsøy. På Varaldsøy bur det no 230 medan folketalet var 460 i 1960.

Når det gjeld nabobygdene til Uskedalen, går et fram at det no bur 582 i Bringedalsbygda og 698 i Omvikdalen. Folketalet i Bringedalsbygda har auka med ein det siste året medan det har gått attende med 15 i Omvikdalen.

Folketalet i Husnes auka med berre fem i fjor og nu bur det 2.517 der.

Her er Uskedals-tal heilt attende til 1960:

1960: 780
1970: 923
1980: 905
1982: 981
1984:1027
1986: 972
1988: 963

1990: 991
1992: 994
1994: 996
1996:1029
1998: 985
2000: 972
2002: 989
2004: 980
2006:1000
2007:1014
2008:1037

Av Ola Matti Mathisen